



Beinavikjo-planen har utløyst ein massiv protest frå grunneigarar.(Foto: Ola Matti Mathisen)

- Vi er overraska over at Kvinnherad kommune legg fram eit planforslag med så store manglar for offentlig ettersyn.

Det skriv Bergens-firmaet Riss Landskap på vegne av grunneigarane Sigud Arnesen og Olga Helene Arnesen i ein svært omfattande og kraftig protest mot Beinavikjo-planen. Dei protesterar mot den ” på det sterkaste” og skriv at manglane ved planframlegget er så store at det er sær sars vanskeleg å ta stilling til det sjølv for fagkunnige.

Planframlegget manglar illustrasjonar av dei voluma som er tenkt i planområdet og det gjer at kommunen skulle ha sendt framlegget attende til planfremjar slik at dette kunne ha vore korrigert. Også dei tekniske manglane ved planen skulle etter Riss Landskap si meining ha vore retta opp før planen vart lagt fram for offentlig ettersyn.

Mellom anna har ikkje kommunen sett til at grunneigarane har fått varsel om oppstart av reguleringsplan for deira eige eigedom. Dei har heller ikkje sett til at det er halde eit informasjonsmøte for grunneigarane eller at det er sendt ut god nok informasjon om tiltaket til dei som blir omfatta av det.

I samband med riving av den gamle bua og oppsetting av ny bygning fekk ikkje Arnesen nabovarsel for nybygget. Det vart sagt frå utbyggjar at den nye skulle ha samme høgd som den reve, men den nye er fire meter høgare.

- Dette gjeld ein bygning med 12,5 meters høgd som ligg berre 15 meter frå Arnesen sin eigedom. Då er det underleg at kommunen meiner at grunneigaren som bur bakafor ikkje treng varslast. At kommunen ikkje reagerer på at det nye bygget er fire meter høgare enn det gamle gjer ikkje saka betre, skriv Riss Landskap.

I kommuneplanen er arealet som reguleringsplanen gjeld vist som noverande bustadområde (frittliggjande), noverande næringsverksemd (forretning, kontor, reiseliv) og noverande industri/lager. Planforslaget er ikkje i samsvar med denne overordna planen. Ingen av føremåla i forslaget er vist i kommuneplanen, Omdisponering av arealet til desse føremåla bør drøftast i kommuneplanarbeidet før dedt vert fremma reguleringsplan.

Det står i planbestemmelsene at eit av føremåla med planarbeidet er å sikra ålmenta tilgang til kystlina. Riss Landskap kan ikkje sjå at reguleringsplanen oppfyller dnne målsettinga då alt er privat areal heilt til sjøen. Planforslaget er heller ikkje i samsvar med rettleiar frå Miljødepartementet på ei rekkje punkter.

Plankartet viser ikkje kva slags utbygging som er tenkt og det er ikkje vist volum eller høgde på framtidige bygningar. Dette må ein illustrere i ein reguleringsplan
Plankartet viser heller ikkje kva utnyttingsgrad som vert tillete i byggeområde. I bestemmelsene er det angitt 85 prosent og dette er ei sær sars høg utnytting. Arnesen protesterer mot ei så massiv utbygging..

Planforslaget syner at den gamle private vegen med bruksnummer 57 skal fjernast. Statens vegvesen har ikkje fremma krav om at den skal stengjast og utkjørselen til riksvegen må framleis vera der fordi den og nyttast av oppsittarar nord for reguleringsområdet.

Planen viser ei åtte meter brei stripe regulert til spesialområde friluftsområde i skråninga mellom riksvegen og bustadarealet.

- Ein kan spørja seg om kven som skal driva med friluftsliv i vegskråninga, kommenterer Riss Landskap.

Og dette er berre nokre av innvendingane som dei har kome med på vegne av Arnesen.

Av Ola Matti Mathisen



